

Rapport frå Turorienteringa i Luster hundeklubb 2005

Det vart sett ut 30 postar i fire ulike område. Alle postane hadde lik poengsum = 10. Kor mange som har prøvd seg, veit me ikkje, men det vart seld kart og startkort for kr. 1240. Totalt 14 har levert attende startkortet sitt – av desse er det 12 vaksne og 2 i klassen 11-18 år. Premiane vart trekte på hundeklubben sitt jole møte 15 desember.

Nr.	Namn	Poeng	Klasse	Premie	Hund
Gullmerke = minst 75% av postane = 225 poeng					
1	Liv Nystuen	300	V		
2	Mette Nystuen	300	V	Lita skål	Caro
3	Dietmar Hillje	300	V		
4	Inger Handegård	300	V	Gavekort Pyramiden	Chelly
5	Ann Lovise Drevdal	300	V	Porselensmalt fat	
6	Eva Røneid	300	V	3 kg hundefôr	Gaia
Sølvmerke = minst 50% av postane = 150 poeng					
7	Olav Moe	200	V	Lita skål	Ronja
8	Karen Moe	170	V		Smirre
9	Ulla Hillje	150	V		
10	Gisle Haugen	150	11-18	Porselensmalt bilde	Qandis
Bronsemerke = minst 25 % av postane = 75 poeng					
11	Kåre Moe	120	V	Flax-lodd	
12	Vigdis Vigdal	90	V	3 kg hundemat	Qellie
13	Mona C Nyløy	80	V	Gavekort LHK + glas	Kiwa
14	Hermund Prestegård	80	11-18	Marsipangris	

V = Vaksen klasse. 11-18 er 11 til 18 år. Det starta ingen i klassen 10 år eller yngre.

Det var bestemt at minst 25% av startkontigenten skulle brukast til premiar og at me ville ha 1/3 premiering – iallfall i dei yngste klassane. Premiane var to flotte, handmåla ting i porselen som Mona Nyløy har måla – eit bilde og eit fat. Eit gavekort på kr. 100 på kjøpesenteret Pyramiden. Eit glas med hundeklubben sin logo. Ein marsipangris. To skåler med klubben sin logo. Eit flax-lodd. Det vart også trekt tre premiar – to småsekker med hundemat samt eit gavekort av verdi kr. 100.- på klubben sine aktivitetar, blant dei 8 hundane som har vore med på turorienteringa!

Den totale verdien på premiane er kr. 800.-

Det vart brukt ca. 26 timar til utsetting av postar, ca. 21 timar til kartproduksjon og utarbeiding av konvoluttar for sal, ca. 13 timar til innplukking av postane inkludert arbeid med å klargjera postane til neste år og 2 timar til slutføringa av arbeidet med premieutdeling.

Dei som har vore med er svært positive til tiltaket og me ynskjer å vidareføra arbeidet i 2006. Då med nokre forbetringar.

Gaupne 20 desember 2005

Inger Handegård - leiar LHK og leiar arbeidet med turorienteringa.